



Arkivsaknr: 2024/86-8  
Sakshandsamar: Knut Fredrik Øi  
Avdeling: Felles landbrukskontor ÅLA

## SAKSFRAMLEGG

Søknad om bestandsplan for hjort 2024-2026 og støtte til drift av bestandsplanområdet

Utvallssak	Utval	Møtedato
	Plan- og eigedomsutvalet	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt §§ 15-16 godkjenner Aurland kommune omsøkt bestandsplan for Aurland bestandsplanområde for hjort i perioden 2024-2026, på vilkår. I medhald av Aurland kommune - Retningsliner for bruk av viltfondet løyper Aurland kommune eit årleg tilskot på 35 000 kr i planperioden til drift av Aurland hjorteutval.

Midlane vert utbetalt ved framsyning av godkjend rekneskap.

Vilkår:

- Valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde får fellingsløyva sine som frie løyve frå kommunen. Alle desse fellingsløyva kan nyttast uavhengig av år i planperioden.
- Valda som ikkje er medlem, får fellingsløyva spesifisert på kjønn og alder. Desse kan ikkje flyttast mellom år, eller mellom vald.
- Aurland kommune søker Miljødirektoratet om fri kvote på hjortekalv i 2024. For åra framover vil kommunen vurdera om dette berre skal gjelda valda som er medlem i bestandsplanområdet.

Saka er vurdert etter Naturmangfoldlovas §§ 8-12.

### Saka gjeld:

Aurland hjorteutval søker om ny bestandsplan for hjort i perioden 2024-2026. Hovudmålet i planen er stabilisering av bestandstettleiken kring om lag 0,2 sett hjort per jegertime, med årleg felling på 225 hjort. Det vert også søkt om årleg støtte på 35 000 kr til drift.

## Bakgrunn

Aurland kommune har sida 2011 hatt eit overordna mål som lyder: "Årdal, Lærdal og Aurland har som mål å ha ein bestand av hjortevilt som er tilpassa naturleg næringstilgong, har god kondisjon og som skal føra til minimal skade på jord, skog og andre samfunnsinteresser. Hjorteviltbestanden skal vere til nytte og glede for grunneigarar, jegerar og ålmenta".

Påvising av skrantesjuke på villrein i Nordfjella i 2016 la premissane for forvaltninga av hjort og elg kring Nordfjella, og etter kvart også Hardangervidda. Sentrale styresmakter oppmoda kommunane i randsonene til å halda låg bestandstettleik av hjort og elg for å førebyggja smittespreiing til andre hjorteviltartar. Desse føringane har etter beste emne vorte implementert i bestandsplanane i Aurland. Mange ulike tiltak har vorte nytta for å auka fellingane sida hausten 2017.

Det er no 6 år sida villreinstamma i Nordfjella sone 1 vart sanert. Det er ikkje funne skrantesjuke på villrein frå sone 2, ei heller i Filefjell tamreinlag. Det er analysert totalt **5472** prøvar for skrantesjuke på hjort, elg og rådyr kring Nordfjella sida 2016 (Ulvik, Hol, Aurland, Lærdal, Hemsedal og Ål – jamfør [www.vetinst.no](http://www.vetinst.no) pr 03.05.2024). Dette er prøvar frå jakta vilt og frå fallvilt. I Aurland er det testa 34 elg, 1 rådyr og 1131 hjort desse åra. Ingen dyr har testa positivt på skrantesjuke. Totalt i Noreg er det testa ca 180 000 hjortevilt og det er ikkje funne *klassisk* skrantesjuke andre stader enn på villrein i Nordfjella sone 1 og på villrein på Hardangervidda.

Kommunane har vorte oppmoda til å halda låg bestandstettleik gjennom heile brakkleggingsperioda, utan at dette er konkretisert med noko slutt dato. Forhåpentlegvis vil dette koma med ein godkjend reetableringsplan for sone 1. Kommunane vert likevel oppmoda til ikkje å leggja opp til vekst i bestandane av hjort og elg, og framleis ha tett oppfølging av prøvetakingsregimet.

Den fyrste bestandsplanen i Aurland frå 2015 hadde svak vekst som mål. Etter at skrantesjuka vart påvist, har reduksjon vore hovudmålet. Ein legg no til grunn at bestanden er redusert i høve 2016-nivået, og at andre mål enn reduksjon kan få større merksemd framover.

## Vurdering

Aurland kommune har lagt til rette for bestandsreduksjon sidan 2017-sesongen. Dei ordinære verkemiddela har vorte brukt. I tillegg har innovative idéar vorte prøvd ut. Aurland var til dømes fyrst ute med fri kvote på hjortekalv. Pr no er det over 80 kommunar i landet som har dette som verkemiddel. Aurland, Lærdal og Årdal tok også initiativet til den utvida jakttida som no har vore gjeldande i mange år.

Omsøkt bestandsplan legg opp til stabilisering av hjortebestanden. Aurland kommune oppfattar signala frå sentrale styresmakter i den retning at ein stabilisering av hjortebestanden vil vera akseptabelt på det noverande tidspunktet. Bestanden er truleg redusert ein god del sida 2016, og jegerane har vore flinke til å ta prøvar. Korvidt felling av 225 hjort årleg vil gje stabilisering, vekst eller reduksjon er ikkje lett å forutsjå. Men ved den

årlege evalueringa vil ein freista å følgja med på endringane i bestanden. Ved å halda på dei gode rutinane for prøvetaking i Aurland, er trangen for overvaking av sjukdomssituasjonen kring Nordfjella stetta.

Naturmangfoldlovas (NML) §§ 8-12 skal vurderast i saka. § 8 omhandlar kunnskapsgrunnlaget. Situasjonen med skrantesjuke i Noreg har vorte jobba mykje med på nasjonalt nivå. Fleire rapportar frå Vitenskapskomiteen for mat og miljø er utarbeidd. Desse rapportane har vore grunnlaget for dei sentrale styresmaktenes val av verkemiddel for å bekjempe skrantesjuka. Sjølv om det er mange ubesvarte spørsmål om sjukdommen, lyt kommunen sjå på oppdraget om bestandsreduksjon som godt fagleg fundamentert.

Det er notorisk vanskeleg å vita kor mykje hjort det er i eit område, og då også tilpassa til anbefalt tettleik. I Aurland kommune vurderer kommunedirektøren kunnskapsgrunnlaget til å vera så godt som det let seg gjera med dagens metodar. God oppslutnad kring prøvetakingsregimet, både frå jakt og ved testing av fallvilt, gjer at me i dag veit mykje meir om status enn då skrantesjuka vart påvist på villrein i 2016. NML § 9 omhandlar «føre-var-prinsippet». Her heiter det «...Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningsstiltak.» Kommunedirektøren vurderer at Aurland kommune har vore proaktive med å finna tiltak som bidreg til høg felling. Ved å leggja til rette for ein årleg felling på 225 hjort, er det også mogleg at bestanden vil verta ytterlegare redusert, sett i ljós av at ein trur bestanden er redusert i høve 2016-nivået, og at ein i den tida felte om lag 160 hjort årleg. Ein joker i hjorteforvaltninga i Aurland kan vera tøffe vintre. Me veit frå vinteren 2017/18 at det dauda mykje hjort. Om dette skjer igjen, er det viktig å få testa desse dyra for skrantesjuke, men også korrigera fellingsmåla. Dette er det teke høgde for i planen. NML §§ 10-12 vert vurdert til mindre relevant for kommunen å vurdera separat, men me legg til grunn at Miljødirektorat/Mattilsyn har vurdert dei gjennom sine tilrådingar til kommunane.

Hovudmålet i omsøkt bestandsplan for 2024-2026 er stabilisering kring indeksen 0,2 sett hjort pr time. For å gjera dette meiner hjorteutvalet at det skal skytast 225 hjort årleg, med ein fordeling på 50/50 hann- og hodyr, og med minst 60% kalv/ungdyr i fellingane.

Hjorteutvalet meiner at for å klare dette, har dei trong for desse verkemiddela:

- 302 årlege løyve i heile planområdet
- Likt minsteareal i heile området (1000 daa pr. fellingsløyve)
- Fri kvote på kalv
- Frie fellingsløyve
- Freding av alle hjortbukkar  $\geq 12$  taggar i planperioden
- Jakt på kalv og ungdyr i utvida jakttid. Kunn jakt knytt til innmark i januar.
- Liberal tolking av løyveflytting mellom åra i planperioden

Kommunedirektøren er einig i at felling av 225 hjort årleg truleg vil stabilisera bestanden. I fleire år no har minstearealet på nordaustsida av Aurlandsvassdraget vore halvert, grunna nærlieken til Nordfjella sone 1. Erfaringa er ikkje så eintydig på at dette har resultert i høgare felling her, så då vil det vera meir rettmessig med lik tildeling i heile planområdet,

noko hjorteutvalet har lagt opp til. Ordninga med fri kvote på kalv vil uansett gjera at det i prinsippet er uavgrensa tal løyve tilgjengeleg. Aurland kommune vil søkja Miljødirektoratet om fri kvote på hjortekalv. I tillegg kan flytting av fellingsløyve mellom åra i bestandsplanperioden bidra til at det i praksis er fleire løyve tilgjengeleg. Den ordninga vil berre gjelde valda som er medlem i bestandsplanområdet.

Frie løyve er ei ordning som Aurland kommune har søkt om dispensasjon for dei to siste planperiodane. Ordninga har vore for alle valda i heile kommunen. Kommunedirektøren meiner at med eit meir moderat mål om felling er det ikkje naudsynt å søkja Miljødirektoratet om dispensasjon til frie løyve for alle. Dei valda som er medlem i eit bestandsplanområde med godkjend bestandsplan, får uansett frie løyve frå kommunen. Kommunedirektøren meiner at dette er tilstrekkeleg no, og at fleksibiliteten i ordninga med felles bestandsplan er så god at medlemmane fint kan nå måla ved å samarbeida. Det er fellinga i heile området som teller, og kommunen vil akseptera noko avvik på valdnivå. Det er viktig å understreka at dette kunn gjeld valda som er medlem i bestandsplanområdet. 46 av kommunen sine 55 vald er medlem. Dei resterande 9 valda vil få årleg tildeling, som er spesifisert på kategori. Denne tildelinga vil gjenspeila måla om felling i bestandsplanen.

*Forskrift om forvalting av hjortevilt § 15* omhandlar krava til bestandsplan for hjort. Kommunedirektøren meiner at omsøkt plan stetter dei formelle krava, er i tråd med kommunens målsetning og tek høgde for signala frå sentrale styresmakter.

#### **Økonomi:**

Aurland hjorteutval søker om eit årleg tilskot på 35 000 kr i planperioden, 2024-2026. Totalt utgjer dette 105 000 kr. *Aurland kommune - Retningslinjer for bruk av viltfondet* regulerer bruken av viltfondet. Bestandsplanlegging er eit hovudføremål, jamfør punkt 3 i retningslinene.

Saldo på viltfondet er pr 1.1.2024 109 000 kr. Viltfondet får årleg inn 60-80 000 kr i fellingsavgift, avhengig av fellingsresultatet. Utgiftene til fondet er primært knytt til offentlege ettersøk og støtte til drift av bestandplanområdet. Inntektene er om lag like utgiftene på viltfondet, og med ein buffer på kring 100 000 kr, er fondet godt rusta til å handtera funksjonane sine. Dei siste åra har fondet støtta bestandsplanområdet med 30 000 kr årleg. No vert det søkt om 35 000 kr årleg, totalt 105 000 kr i planperioden.

Kommunedirektøren meiner det er økonomi i fondet til å stetta Aurland hjorteutval med ei årleg løyving på 35 000 kr i planperioden.

#### Vedlegg

- 1 Søknad om godkjenning av ny bestandplan og årleg støtte frå viltfondet - bestandsplan

## 2 Aurland bestandsplanområde 2024-26